

Fra: Gro Morken Endresen
Til: [KD-Opplæringslovutvalget](#)
Emne: Fråsegn frå Noregs Mållag sitt landsmøte
Dato: 15. mai 2018 14:51:39

Hei

Mållaget vedtok fråsegna under på landsmøtet i april. Vi vonar de vil ta standpunkta våre med i det vidare arbeidet.

For Noregs Mållag,
Gro Morken Endresen
dagleg leiar

e-post: gro.morken@nm.no
tlf: 23 00 29 37 / 957 85 560

www.nm.no

Ei ny opplæringslov må sikre nynorskelevane

Eit utval utnemnt av regjeringa arbeider med ein NOU (Noregs offentlege utgreiingar) om opplæringslova og skal levere utgreiinga si i desember 2019. Etter det skal ei ny opplæringslov arbeidast fram.

Noregs Mållag har tre hovudkrav til den nye lova:

Dei språklege rettane må vidareførast og styrkjast

Dagens rett til å sikre opplæringa i både nynorsk og bokmål må halde fram. Det er viktig å sikre tidleg start med sidemål og ei sidemålsordning gjennom ungdomsskulen og studieførebuande vidaregåande opplæring, som har eigen standpunktkarakter og avsluttande eksamen i vidaregåande skule.

Språkvedtak i kommunen er ein viktig føremon for kva språk som vert undervist i skulen. Dette skal også styre språkvalet i norskopplæringa i vaksenopplæringa.

Staten må ta ansvar for at desse rettane vert oppfylte

Læremiddel er nasjonale, ikkje kommunale. Det kan ikkje vere berre skuleeigar sitt ansvar at elevane får nynorske læremiddel. Staten må sikre at læremiddel kjem på bae språk til same tid og pris. I dag er det alt for mange kommunar som ikkje tek på alvor kravet om at dei læremidla som vert nytta i skulen, skal vere på nynorsk. Dette gjeld særleg nye digitale læremiddel, der utvalet på nynorsk er dårleg. Staten må syte for ei godkjenningsordning for læremiddel som gjer at skulane enkelt kan skaffe seg oversyn over kva som ligg føre på

både bokmål og nynorsk. Dette gjeld både trykte og digitale læremiddel, og må også gjelde læremiddel i norskopplæringa for vaksne innvandrarar.

Retten til språkdelt klassar ut heile grunnskulen

Stortinget vedtok i 2016 å utgreie saka om Odda-modellen, men saka er enno ikkje lagt fram for Stortinget. Heller ikkje Utdanningsdirektoratet har gjort ferdig si handsaming. Noregs Mållag meiner at saka er eitt år på overtid, og krev at Regjeringa legg saka fram for vedtak i laupet av 2018.

Det bør vere ein rett å gå i nynorskklasser i alle nynorskkommunar og i dei store byane. Kravet frå 2003 om at det skal vere minst ti elevar att med det opphavlege hovudmålet, bør innførast igjen. Eit slikt krav vil hindre unødvendig utarming av nynorskklassane.

Noregs Mållag krev at:

- dei språklege rettane til nynorskelevane vert vidareførte og styrkte i den nye opplæringslova
- staten tek større ansvar for å sikre at desse rettane vert oppfylte
- elevane skal ha rett på språkdelt klassar ut heile grunnskulen (Odda-modellen)